



KOPI



Friluftsrådet Vest
Postboks 63
5575 AKSDAL

Trondheim, 10.12.2015

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2014/4343

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Utbetaling av tilsegn - Statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av turveg og parkering ved Ådlandsvatnet i Stord kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til vårt brev av 08.05.2014 med tilsegn i denne saka, og friluftsrådet sitt brev av 02.12.2015 der det blir bedd om utbetaling av tilsegna.

Det er gjennom servituttavtalar mellom grunneigarane og Stord kommune sikra og opparbeidd turveg over gnr/bnr 27/1, 27/211 og 27/701, 37/1 og 37/3, 36/1, 29/1, 29/2, 29/19 og 29/21. På 29/1 er det i tillegg sikra og opparbeidd parkeringsareal.

Vi gjer merksam på at avtalen med grunneigar av gnr 36 bnr 1 manglar punktet om at avtalen ikkje kan endrast utan samtykke frå staten ved Miljødirektoratet. De må difor stå for tinglysing av ny avtale for å få dette i orden så snart som mogleg.

Av omsyn til alle partar i sikringsaker, investeringane som blir gjort og forvaltning av avtalane, gjer vi merksam på at Miljødirektoratet frå no vil krevja at de nyttar mal for servituttavtale som vi viser til i brev om tilsegn og som kan lastast ned frå våre nettsider. I konkrete tilfelle må ev avvik frå malen avklarast med direktoratet før avtalar blir underskrivne og tinglyste. Det vil vera ein føresetnad for at direktoratet kan medverka til sikring.

Dokumenterte kostnader ved Ådlandsvatnet er kr 135.915,- for sikring av areal og totalt kr 3.565.855,- for opparbeiding. Av dette vil Miljødirektoratet dekkja sikringskostnadene og ein del av opparbeidingskostnadene, til saman kr 1.180.000,- slik det vart gjeve tilsegn om.

Miljødirektoratet vil utbetale **kr 1.180.000,-** til friluftsrådet sin bankkonto **3240 07 46388**. Utbetalinga er merka «sikring og tilrettelegging Ådlandsvatnet Stord». Det kan gå inntil 14 dagar før utbetalinga blir gjennomført.



Direktoratet ser med dette sikringa som gjennomført. Frå før er det sikra areal på austsida av Ådlandsvatnet. Vi vonar prosjektet samla sett blir verdifullt for friluftslivstilbodet i kommunen og regionen.

Helsing
Miljødirektoratet

Berit Lein
Berit Lein
avdelingsdirektør

Terje Qvam
Terje Qvam
seksjonsleder

Kopi til:

Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen